

Utvalg:	Innovasjonsutvalget	Dato: 15.11.2023
IU-sak: 25/23		Arkivsaknr.:

Mobilisering av yngre forskarar til innovasjonsaktiviteter

Bakgrunn

UiB har fleire lokalt initierte tiltak som rettar seg mot å mobilisere og inspirere yngre forskarar til å drive med innovasjon. Mobilisering rundt innovasjon er vektlagt i strategien til Universitetet i Bergen for 2023 til 2030. Yngre vitenskapleg tilsette er særleg nemnde ved at ei skal sikrast gode vilkår gjennom systematisk oppfølging og karriererådgiving. Her er UiB Career Days for yngre forskarar ei satsing, som òg inkluderer innovasjon, både i og utanfor akademia.

I strategiperioden skal UiB òg tilby kompetanse i innovasjonsarbeid til både vitenskapleg tilsette og studentar. Eit døme på dette er innovasjonsretta opplæring gjennom UiB ferd, sjå under.

Ved vidare akademisk karriere er det vitenskapleg og undervisningskompetanse som blir mest vektlagt, noko som gir eit klart insentiv til fordel for publisering, heller enn innovasjon. Men det er aukande etterspurnad etter innovasjonskompetanse i fleire fagmiljø. Slik kompetanse blir ofte etterspurt når ein søker arbeid utanfor akademia.

VIS

UiBs teknologioverføringsselskap VIS gjennomfører ei rekke aktivitetar for å mobilisere forskarar til å drive med ulike formar for innovasjon. VIS arrangerer mellom anna “innovasjons- og impact workshops” ved fakultet som ønskjer eit slikt tilbod. Dette har til dømes blitt arrangert som ein del av karriereutviklingsprogrammet ved SV-fakultetet i år, noko som resulterte i at fleire ønska å utforske innovasjonsaktivitetar knytte til sine forskingsprosjekt.

VIS bidreg òg inn mot yngre forskarar ved å undervise eller halde innlegg i ulike kanalar, slik som Digitalt Livs forskingsskole og CHES (Research school on changing climates in the coupled earth system), fag som MEDMET900 og ELMED-fag, samt i ulike forskingsgrupper.

VIS' aktivitetar er eit nyttig bidrag òg for å gjere TTO-verksemda til UiB kjend blant yngre forskarar.

Karrieredagar

UiB arrangerte i slutten av september sine første karrieredagar for yngre forskarar, UiB Career Days 2023, der innovasjon var ein del av arrangementet. VIS fortalde om moglegheiter til å søkje kvalifiserings og verifisering til kommersialiseringsprosjekt hos Forskingsrådet. Dei ynge forskarane fekk og generell opplæring i spørsmål rundt patentering og publisering, samt generell inspirasjon for å tenkje kommersielle vegar, samt å formidle forskinga deira til publikum via kanalar som sosiale medium.

Det er eit mål for karrieredagane å førebu dei yngre forskarane for ulike karrierevegar, og innovasjonskompetanse er difor særleg viktig når ein tek omsyn til at 90 prosent av kandidatane ikkje kjem til å jobbe i akademia.

UiB har òg hatt eit tilbod kring innovasjon på andre arrangement, slik som mobiliseringsarrangement retta mot EU-søknader, der innovasjon har hatt ein sentral plass. Temaet har òg sin plass i Momentum-programmet for eit smalare publikum.

UiB ferd

Innovasjon er òg ein del av kursporteføljen til UiB ferd, der målgruppa er phd-ar og postdoktorar. Så langt har det vore mest fokus på akademisk innovasjon, men den vidare utviklinga vil òg rette seg mot kompetanse på ikkje-akademisk innovasjon, som når breiare. Dette vil gi ein fin utviklingsmulegheit for dei yngre forskarane.

UiB ferd jobbar òg med å utvikle møteplassar mellom dei yngre forskarane og industri, og arrangerte under karrieredagane ein pilot der industrien kunne ha stands og mingle med kandidatane. Dette er ei stor utfordring det no blir jobba med i UiB ferd, og det er eit sterkt ønskje om å utvikle dette vidare.

UiB idé

UiB idé er eit tidlegfase innovasjonsprogram der forskarar og studentar kan verifisere, prototype og utvikle ideane sine vidare mot vellukka innovasjonsprosjekt. Programmet rettar seg ikkje særleg mot yngre forskarar, men erfaring med dei første åra viser at mange av søknadane gir gode moglegheiter for yngre forskarar, ved at dei sjølv eller prosjekta dei jobbar på får finansiering som gjer det mogleg for dei å halde fram med å arbeide ved institusjonen. På denne måten får dei yngre forskarane opparbeidd særleg kompetanse med innovasjonsprosjekt, noko som vil vere ein fordel både ved vidare karriere i akademia og i næringsliv og forvaltning.

Tiltak ved fakulteta

Det finst ei rekke tiltak for å stimulere yngre forskarar til å drive med innovasjon rundt på ulike fakultet, men aktiviteten varierer. Eit døme på eit fakultet som prioriterer innovasjon høgt er Det medisinske fakultetet, der ei rekkje aktivitetar er retta mot yngre forskarar. Innovasjonskurset ELMED223 er ope òg for yngre forskarar, og fag som CCBIONEUR910 Brukermedvirkning og CCBIONEUR912 Health Innovation er særleg retta mot ph.d.-kandidatar. Oppstartsseminaret for nye ph.d.-ar har innovasjon som eit av fleire tema, og post doc-skulen ved fakultetet har ei eiga samling om innovasjon. Fakultetet delar òg ut eit innovasjons-sommarstipend på 50 000 kroner til studentar som vil jobbe med eit innovasjonsprosjekt i ei bedrift, og dekanatet har ein tydeleg strategi for innovasjon, og framsnakkar det jamleg.

Eitri

Den medisinske inkubatoren organiserer regelmessig arrangement der yngre forskarar og industrien kan møtast. Eitri samarbeider òg med studentorganisasjonar for innovasjon, som Curie, Helix, NBS og Eureka!, og desse arrangerer gjerne karrierearrangement i inkubatoren. Eitri organiserer ei mengde arrangement kvart år, og mange av desse er opne for og særleg aktuelle for yngre forskarar.

Oppsummering

Saken legges fram til drøfting i Innovasjonsutvalget.